



ÅRSMØTE SAVL 2019

Kommunehuset i Valle mandag 01.04.19 kl. 19.00

Tilstades:

SA 1 v/Ragnhild Bjåen, SA 5 v/John Utigard og Øystein Austjore, SA 6 v/Hans Roar Moen, SA 7 v/Einar Hovden og Olav Felland, SA 8 v/Olav Døli, SA 9 v/Ånund Flateland, SA 10 v/Torleif Homme, SA 12 v/Ånund Viki, SA 13 v/Knut Inge Hovet, SA 16 v/Torjus Gaaren, SA 17 v/Svein Ekre, SA 18 v/Frank Gulliksen, SA 19 v/Geir Olav Bekhus, SA 20 v/Øystein Romtveit, SA 21A v/Aslak Momrak-Haugan, SA 21B v/Lars Egil Libjå og Jonny Aketun, SA 21C v/Stein Helge Lassemo, SA 22 v/Hans Petter Franzen, SA 24 v/Gunnar Øynes, Arvid Rønning og Tor-Harald Lilleaas, SA 26 v/Svein Helge Nomeland, SA 27 v/Arne Bjørgum

I tillegg møtte Tommy Vatslid (Villreinnemda) og Kurt Jerstad (Jerstad Viltforvaltning)

Sak 1:

Val av to representanter til å skrive under protokollen

Vedtak:

SA 18 og SA 20
Samrøystes

Sak 2:

Årsmelding 2018

Styrets samansetning i 2018 har vore:

Formann	Svein Ekre (16-19)	Vara: Øystein Romtveit (16-19)	Vinje
Sekretær	Torleif Homme (15-18)	Vara: Olav Straume (15-18)	Valle
Styremedlem	Svein Helge Nomeland (16-19)	Vara: Arne Bjørgum (16-19)	Bygland
Styremedlem	Lars Egil Libjå (15-18)	Vara: Hans Petter Franzen (15-18)	Fyresdal
Styremedlem	Gunnar Øynes (15-18)	Vara: Tor Harald Lilleås (15-18)	Åmli
Styremedlem	Ragnhild Bjåen (15-18)	Vara: Sondov Bjaen (15-18)	Bykle
Styremedlem	Hans Roar Moen (16-19)	Vara: Knut K. Vadder (16-19)	Tokke

Revisorar for året 2018 har vore SA 5 og SA 8

Det har vore to styremøter i perioden. Leiar og sekretær har delteke på vår og haust-møte i Villreinnemda for Setesdalen. Me har og vore repesentera etter innkalling til møte med aktørar i samband om adaptiv løypekøyning i Bykle. Villreinlaget hadde skriftleg innseiing til prøveprosjektet som skal gå over 3 år, der me mellom anna meinte det var uheldig å kanalisere løypestrasear inn i sårbart høg fjellsområde der reinen har vinterbeite. Kan og forringe trekk for utveksling mellom aust og vest, eksempelvis Sloaros, Vidmyr, Galten og i Berdalskaret.



Setesdal Austhei Villreinlag



Det vart halde informasjons møte om CWD på Bykle hotel og det var godt frammøte og fleire frå villreinlaget var representert. I oktober var det halde temakveld «Villrein og ferdsel» og «bestandsteljing» i regi av NINA ved Olav Strand. Villreinlaga både på Aust og Vest var godt representert.

SAVL si heimeside vart hacka og heilt øydelagd tidleg i sommar. «Kandesign» som hadde laga sida for oss har avslutta firmaet. Difor vart det teke kontakt med Mikkel Aanderåd om å lage ny side for SAVL som no er oppe og går, men det trengs nokon til å følge opp og legge ut informasjon som vedkjem villreinlaget.

Den årlege avskytingsplanen vart framlagd på årsmøtet og villreinnemda godkjente den seinare på vårmøte i samsvar med vedtaket til årsmøtet til SAVL. Kvota vart sett til 300 fellingsløyver og same fordeling som i 2017. Forventa felling for 2018 var sett til 75 dyr. Fellinga for 2018 vart 61 dyr - det gjev ein fellingsprosent på 20,33%. Det vart felt 14 vaksne bukkar, 15 vaksne simler, 13 1/2 år hanndyr og 4 1/2 år hodyr, 11 bukkekalvar og 4 simlekalvar. Måloppnåing ble 81% av forventa felling.

Sjølv om dyra trekte tidleg nordover før jakta, så kom dei ikkje lenger nord enn til Storesåta for så og dreie søraust over att og heldt seg i rolegare område lenger sør. Trydal og Stavenes og områder i Valle - både nord og sør for RV 45 hadde brukbar tilgang på dyr og såleis ei relativt god jakt.

Etter jakta i haust var det registrera om lag 200 hundre dyr sør for RV45 på Torvikheia - så seint som i november. Om dei har gått nord i vinter er ikkje bekrefta, ei heller om dei har gått lenger sør.

I år var siste året av bestandsplanen og ny bestandsplan skal utarbeidast for fem nye år. Det har vore Jerstad Viltforvaltning som saman med styre i SAVL har utarbeidd forslag til ny bestandsplan for 2019-2023.

Om arbeidet med bestandsplan og årlege avskytingsplanar skal ut på anbod i framtida vert opp til årsmøte å avgjera dersom det kjem inn spørsmål om dette til SAVL.

13. februar hadde styringsgruppa for GPS - prosjektet for Setesdal Austhei og Brattefjell-Vindeggen møte i Bykle. Mat-tilsynet hadde no gjeve løyve til merking.

På Austheia var planen å merke 6 simler, herav to med kamera.

(Merkinga vart gjennomført den 19. mars og det vart merka 4 simler – 1 av desse med kamera).

Det er sett ned fleire arbeidsgrupper, m.a. i forhold til ferdsel, trekkområder og beitegransking. Informasjon om prosjektet vil etterkvart bli lagt ut på heimesida til SAVL.

Framlegg til vedtak:

Årsmeldinga vert godkjent slik den ligg føre

Vedtak:

Samrøystes

Sak 3:

Rekneskap for 2018

Pr. 31.12.18 er det ei behaldning på kr. 446845,21



Setesdal Austhei Villreinlag



Rekneskapet viser eit «underskot» på kr. 3021,15

Budsjettet for 2018 var lagt opp med eit «underskot/meirforbruk» på kr. 30.000,-. Noko av forklaringa på at resultatet «bare» vart eit negativt resultat på kr. 3021,- er at etterslepet på medlemskontingenten er betalt inn (dei siste kom etter nyttår og kjem på 2019 rekneskapet) slik at ein no er heilt ajour i forhold til medlemskontingent.

Viser ellers til vedlagte rekneskap.

Framlegg til vedtak:

Rekneskap for 2018 vert godkjent slik den ligg føre

Vedtak:

Samrøystes

Sak 4:

Vederlag for tillitsverv:

Årsmøte skal fastsetje vederlag for tillitsverv.

Årsmøtet fastsette i 2018 gjeldande satser for godtgjersle til styret.

Ein gjer ikkje framlegg om å endre desse for 2019

Framlegg til vedtak:

Godtgjering til formann kr. 15000,-

Godtgjering til sekretær kr. 8000,-

Godtgjering styremedlemer kr. 1500,-

For møter/arbeid m.m. på dagtid, vert det betalt for tapt arbeidsforteneste.

Det vert ikkje utbetalt møtegodtgjersle utover dette, men det skal betalast km. godtgjering i samsvar med øvre grense for skattefri køyregodtgjersle (pr. d.d. kr. 3,50 pr. km)

Vedtak:

Samrøystes

Sak 5:

Val

Det skal veljast nye styremedlem m/varamann frå kommunane Bykle, Valle, Fyresdal og Åmli.

Framlegg til kandidater vert lagt fram på årsmøtet

I tillegg skal det veljast revisorar for rekneskapsåret 2019

Framlegg til styremedlem m/varamedlem:

Bykle: Ragnhild Bjåen (gjenvalg) og Sondov Bjåen som varamedlem (gjenvalg)

Valle: Torleif Homme (gjenvalg) og Olav Straume som varamedlem (gjenvalg)

Fyresdal: Stein Helge Lassemo (ny) og Lars Egil Libjå som varamedlem (ny)

Åmli: Tor Harald Lilleås (ny) og Arvid Rønning som varamedlem (ny)

Framlegg til revisorar:

SA 13 og SA 14



Vedtak:

Alle valg samrøystes

Sak 6:

Bestandsplan 2019-2023/avskytningsplan 2019

Styret har i samarbeid med Kurt Jerstad utarbeidd framlegg til bestandsplan for perioden 2019 -2023, samt avskytningsplan for 2019.

Hovedmålet i framlegg til ny bestandsplan er å auke stamma opp mot 1500 dyr. Dette er same bestandsmål som i den førre bestandsplanen.

Med bakgrunn i dette er det framlegg om å halde avskytninga rimeleg låg og videreføre avskytningsplanen for 2018 også i 2019. Einaste endring er framlegg om å redusere simle/ungdyrandelen frå 25% til 20 og auke kalveandelen tilsvarande

Det vil bli nærare orientering av framlegg til bestandsplan/avskytningsplan på årsmøtet.

Framlegg til vedtak:

Framlegg til bestandsplan for 2019 – 2023 og framlegg til avskytningsplan for 2019 blir godkjent.

Vedtak:

Bestandsplan for 2019 – 2023 og avskytningsplan for 2019 vart samrøystes godkjent med fylgjande tillegg: Ved utarbeiding av avskytningsplan for 2020 skal kortfordeling vurderast nærmare

Sak 7:

Budsjett for 2019

Utgifter

Møter, godtgjersle m.m	10000
Kopiering/porto m.m	1500
Årsmøte	2500
Styrehonorar	30500
Kontorutgifter	5500
Reinsdyrteljing	50000
Konsulentutgifter	30000

130000

Inntekter

Medlemskontingent	50000
Tilskot Fylkesmannen	80000

130000

Medlemskontingenten var i 2018 kr. 200,- pr. tildelt kort. Ein gjer ikkje framlegg om å endre denne for 2018.

I forhold til jaktoppsyn blir ordninga som vart innført i 2017 vidareført (SVRL søker om tilskot både for aust og vestheia)

Når det gjeld tilskotet frå Fylkesmannen, så er dette tilbakeføring av midlar frå viltfondet som ein kan søkje om å få til gjennomføring av "villreintiltak". For 2019 er det søkt om kr. 90.000,-, men ein har ført opp kr. 80.000,- i budsjettet då erfaringane viser at ein med den låge avskytninga ikkje får så mykje som ein søker om.

Framlegg til vedtak:

Framlegg til budsjett for 2019 vert godkjent



Setesdal Austhei
Villreinlag



Handsaming:

Det vart vedteke å auke posten for teljing med kr. 40.000,- med bakgrunn i at det skulle leggst opp til både kalveteljing og strukturtejing, jfr. sak 8, pkt. 1.

Budsjettet blir dermed gjort opp med eit «underskot på kr. 40.000,-.

Revidert budsjett:

Utgifter		Inntekter	
Møter, godtgjersle m.m	10000	Medlemskontingent	50000
Kopiering/porto m.m	1500	Tilskot Fylkesmannen	80000
Årsmøte	2500		
Styrehonorar	30500		
Kontorutgifter	5500		
Reinsdyrteljing	90000		
Konsulentutgifter	30000		
	<hr/>		
	170000		13000

Vedtak:

Revidert budsjett vart samrøystes vedteke

Sak 8:

1. Villreintiltak 2019

Det vart vedteke mot 1 røyst at det skulle leggst opp til både kalveteljing og strukturtejing i 2019

2. Orientering om evt. nytt GPS-merkeprosjekt

Det vart orientert om merkeprosjektet og om dei dei arbeidgruppen som er oppretta. Ein tek sikt på å legge ut fortløpande informasjon på heimesida til SAVL

3. Evt.

- Det vart orientert om problema som har vore med heimesida til SAVL og gjenoppretting av denne.
- Det var enkelte som hadde ynskt at fastsetting av kvote kunne utsettast til etter kalveteljing med bakgrunn i at då hadde ein meir «kontroll» på størrelsen på stamma. Dette vart diskutert, men det kan vere vanskeleg å få dette til då det er fastsett tidspunkt for kvotetildeling gjennom forskrift.
- Det vart orientert om prøveprosjektet i Bykle kommune vedr. «adaptiv løypeforvaltning». Pga. den spesielle vinteren i år i forhold til at det har vore lite snø, er oppstart av prosjektet utsett til vinteren 2019/20. Villreinlaget har tidlegare uttalt seg negativt til dette prosjektet.

.....
Svein Ekre

.....
Torleif Homme

.....
SA 18

.....
SA 20